



Entreprenør Jørgen Prestegård AS
Nedre Knappen 20
5355 KNARREVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/7339 - 15/27410

Saksbehandlar:
Kristin Nielsen
kristin.nielsen@lindas.kommune.no

Dato:
24.08.2015

Endringsløyve for plassering av fritidsbustad - gbnr 81/39 Risøy

Administrativt vedtak. Saknr: 349/15

Tiltakshavar: Astrid Vike Pedersen og Øyvind Wie Pedersen
Ansvarleg søkjar: Entreprenør Jørgen Prestegård AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring endring av plassering for fritidsbustad som fekk rammeløyve datert 26.03.2015.

Det er ikkje søkt om endringar for sjølv bygget utover plasseringa i horisontalplanet.

Det vert elles vist til søknad om endring av løyve motteke 10.08.2015, samt den opphavlege søknaden motteke 04.11.2014 og supplert 18.12.2014, 16.01.2015 og 20.01.2015..

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 10.08.2015 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Dispensasjon

Den omsøkte endringa av plassering krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Nabovarsel



Endringa av plassering er ikkje nabovarsla. I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling til eigarane av naboeigedomene, då vi finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet.

Plassering

Omsøkt endring av plassering av tiltaket er vist i oppmålingskart frå Geodataavdelinga i Lindås kommune, datert 04.08.2015, samt situasjonskart datert 05.08.2015. Det er lagt fram to ulike alternativ for endra plassering: alternativ B og C, kor alternativ C er omsøkt.

Det er ikkje søkt om endring i kote for topp golv og mønehøgde. Dette er, jf. løyve datert 26.03.2015: planeringshøgde på kote 23,0 meter, topp golv på kote 23,5 og mønehøgda på kote 28,0 meter.

Jf. standard frå Statens kartverk «Plassering og beliggenhetsk kontroll», skal tiltaket plasserast innanfor vertikal toleranse som gjeld for områdetype 2.

VURDERING:

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert i tråd med alternativ C slik det går fram av søknaden.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav a vert det gjeve endringsløyve for oppføring av fritidsbustad på følgjande vilkår:

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 05.08.2015 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3. Det er berre tatt stilling til endring av plassering i horisontalplanet.**
- 2. Vilkåra sett i løyvet datert 26.03.2015 gjeld framleis, med unntak av vilkår nr. 1.**

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/7339

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Delt sakshandsaming: endring i løyve	1 x 2 900,-	Kr 2 900,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 2 900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Kristin Nielsen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Øyvind Wie Pedersen

Myrdalskogen 427 5117

ULSET

Mottakarar:

Entreprenør Jørgen Prestegård AS

Nedre Knappen 20 5355

KNARREVIK